



Jarnfrid Gunnarson  
Hesthaugen 13  
5936 MANGER

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 18/572 - 18/4016

Saksbehandlar:  
Tonje Nepstad Epland  
tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:  
14.03.2018

## Delingssak gbnr 14/21 Soltveit - oppretting av grunneigedom for eksisterande bustad og driftsbygningar - stadfesting av mottak og trong for tilleggsopplysningar

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om deling 13.03.18.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at ikkje kan handsast som den ligg føre. Søknaden har feil og uklare punkt, og det manglar dokumentasjon.

Når det gjeld dei punkte som er uklare vil kommunen leggje følgjande forståing til grunn:

- Kommunen legg til grunn at søknaden gjeld **oppretting av ny grunneigedom**, og ikkje arealoverføring, og at avkryssing i pkt 2 i søknaden for *arealoverføring* skuldast ein feil. Det at deler av eigedommen skal seljast som tilleggsjord til anna landbrukseigedom er ikkje ei arealoverføring.
- Kommunen legg vidare til grunn at at det ikkje er søkt om frådeling av eiga naustparsell, jf. dykkar opplisting av 3 parsellar i pkt 11, men at dykk ynskjer at **naustrett** og eventuelt båtfesterett skal følgje bustadeigedommen.

Om dette ikkje er i samsvar med det dykk har meint må kommunen få tilbakemelding innan fristen nedanfor.

Følgjande feil og manglar må rettast før kommunen kan handsame søknaden:

1. Dykk er ikkje registrert som heimshavar til eigedommen og har ikkje høve til å rekvirere deling og oppmåling, jf. matrikkellova § 9. Før søknaden kan handsamast må heimshavartilhøva rettast hjå Statens kartverk.

2. Det er opplyst i søknadsskjemaet at deling ikkje er i samsvar med plan og krev dispensasjon. Søknad om dispensasjon er ikkje vedlag. Det bør avklarast med Landbrukskontoret for Austrheim, Radøy og Fedje om delinga krev dispensasjon.
3. Søknad om deling og søknad om dispensasjon skal nabovarslast før søknadaden vert sendt til kommunen, jf. plan- og bygningslova § 21-3.
4. Det må leggjast fram kopi av skriftleg avtale med det bruket som skal overta jorda.
5. Det må leggjast fram dokumentasjon på naustrett og evt båtfesterett, og informasjon om kor/på kva eigedom rettane ligg.
6. Det må leggjast fram dokumentasjon for lovleg tilkomst og avkjørsle, og dokumentasjon for at eigedomen har lovleg vatn og avlaup, jf. plan- og bygningslova kap. 27.
7. Om veg eller leiningsnett for vatn og avlaup kryssar anna eigedom må det leggjast fram dokumentasjon for tinglyste rettar.

Kommunen ber om at retting skjer innan 11.04.18. Om retting ikkje har skejdd innan fristen vert saka arkivert utan vidare handsaming.

### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Sakshandsamingsfrist for søknad om deling som også krev løyve etter jordlova er 12 veker.

Når manglane i saka er retta vert saka handsamast etter jordlova. Søknaden vert deretter sendt på høyring til Fylkesmannen i Hordaland før den kan handsamast etter plan- og bygningslova. Søknaden vil såleis tidlegast kunne handsamast i møte i Hovudutval for plan, landbruk og teknisk 13.06.18.

### Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Forskrifta er tilgjengeleg på [www.radoy.kommune.no](http://www.radoy.kommune.no).

#### Førebels gebyrfastsetting:

15.2.1 Deling etter jordlova	kr	2 000
9.1.1 Dispensasjon	kr	10 300
11.1.3 Deling etter plan- og bygningslova	kr	5 900
13.1.1 Basisgebyr oppmåling	kr	11 000
13.1.2 Fast arealtillegg for areal over 20 da, medgått tid-minstepris	kr	20 400

Gebyr til Statens kartverk for tinglysing kjem i tillegg.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland

leiar teknisk forvaltning

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Jarnfrid Gunnarson

Hesthaugen 13

5936

MANGER